

## Har du fått sjølvmeldinga di?

Gjekk du glipp av tidleg sjølvmelding i år? Bli e-brukar no, så slepp du å vente neste år.

Dersom du er e-brukar får du varsling frå Skatteetaten på e-post og SMS når sjølvmeldinga og skatteoppgjeret er tilgjengeleg i Altinn.

E-brukarar har samtykka til å verte elektronisk brukar i *all* kommunikasjon med Skatteetaten.

Det er fleire fordelar med å vere e-brukar:

- Du får sjølvmeldinga to veker før andre.
- Ein får raskare svar på ei sak eller henvending til Skatteetaten, fordi det ikkje vert sendt noko pr. post.
- Du vert òg varsla på SMS eller e-post om at Skatteetaten har sendt deg eit brev.
- Brevet vert teke vare på i ditt eige arkiv i altinn.no, saman med anna elektronisk post.
- Du kan svare direkte til sakshandsamar via eit svar-skjema.
- Du hindrar at uvedkomande får tilgang til dine personlege opplysningar.
- Du er med på å spare miljøet.

Registrer deg som e-brukar på Altinn no!

Skodje kommune

ønskjer alle

God Påske!

## Innbyggjarundersøking

Vi ønsker å betre kvaliteten på tenestene våre og kommunen vi bur i. For å kunne gjere dette er det viktig for oss å høyre dine erfaringar med, og synspunkt på, dei tenestene kommunen tilbyr. Vi vil òg vite kva du meiner om kommunen som bustad og om lokaldemokratiet.

I byrjinga av april vil du motta eit spørreskjema i posten. Vi håper du vil ta deg tid til å svare på dette. Ved å få dine erfaringar og synspunkt kan vi få ei oversikt over kva vi er bra på, og kva vi bør forbetre. På førehand takk for hjelpa!

## Adresser til alle i Skodje

**Men - vegar må få godkjende namn før det kan bli gitt vegadresser.**

**Om lag 40 % av husstandane i Skodje kommune har fått unike, offisielle adresser. Det gjeld Skodje sentrum og deler av Valle-/Håhjemområdet.**

**Statens kartverk legg til grunn at det skal vere innført offisielle adresser i heile Skodje kommune i løpet av 2015.**

Offisielle adresser er viktig å få på plass, ikkje minst av tryggleiksgrunnar. Utrykningskøyretøy må finne fram snarast råd. I tillegg er det viktig for all varetransport som i stor grad bruker bilnavigasjonssystem (GPS).

Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) tok til å gjelde frå 01.01.2010. Både lov og forskrift seier klart at det er ønskeleg med eitt adresse-system: vegadresser.

Men før hus, hytter og andre bygningar kan få offisielle adresser knytt til ein veg, må sjølve vegen få eit godkjent namn.

Vegnamn betyr mykje for folk. Ofte er det historiske namn kopla til røter og identitet.

Til å ta seg av namnsetjing av vegparsellar har Skodje kommunestyre oppnemnt ei namnenemnd som består av:

Kari Grindvik (leiar), Per Stette, Harald Honningdal, Dag Brusdal, Arne Utvik og Reidulf Erstad.

Namnenemnda har allereie hatt fleire møte, og legg til grunn at det skal vere stor grad av medverknad frå innbyggjarane. Målet er å kome fram til namn som er godt forankra.

### Arbeidet i Skodje namnenemnd

I møte i mars 2013 skal namnenemnda arbeide med namn på bustadsområde, næringsområde/ industriområde, og Europa- og fylkesvegane.

Nemnda vil i løpet av våren 2013 også vurdere namn på vegparsellar i grendene.

Når forslag på namn ligg føre, skal saka ut på høyring etter stadnamnlova § 6. Dette vil bli kunngjort på Skodje kommune si heimeside og i lokalpressa. Lokale organisasjonar med tilknytning til namnet, får tilsendt saka direkte.

Høyringsfristen er to månader.

Reglane om høyring er først og fremst knytt til skrivemåten av namna.

Når det gjeld val av namn på vegar og kommunale anlegg, er det ikkje lovfesta ein eigen høyringsrunde. Det vanlege er likevel at namna blir valde etter at lokale organ har uttalt seg, og i Skodje vil vi følgje den praksisen.

Når høyringsrunden er over, vil namnenemnda kome med ei tilråding. Skodje formannskap har adressemynde og avgjer namnet på ein veg-/ adresseparsell. Det er ikkje klagerett på dette.

Fastsetjing av sjølve skrivemåten av namnet skjer etter reglane i Lov om stadnamn og kan påklagast.

Skodje namnenemnd er open for dialog i namnearbeidet, og vil gjerne bli kontakta og få innspel.

Spørsmål om prosessen/arbeidsgangen kan rettast til sekretariatet, som er kultureininga v/Magne P. Fylling, tlf. 70 24 41 90, e-post: magne.fylling@skodje.kommune.no.

## Røykeslutt

Frisklivssentralen har starta med individuell sluttertleiing for røyk og snus. Utover våren vert det òg tilbod om kurset «Røykfrie saman», som er eit gruppebasert opplegg.

Har du tankar om å slutte eller ynskjer du berre ein prat angående tobakk, ta gjerne kontakt på tlf. 70 24 40 39 eller e-post: frisklivssentralen@skodje.kommune.no

Tilbodet er gratis. Sjå også slutta.no eller bruk røyketelefonen 800 400 85.

## Ny kommune-overlege

Magnus Norstrand Lied tek til som ny kommuneoverlege i Skodje frå 2. april. Han er 31 år og er busett i Ålesund. Han tek over stillinga etter Lars Lona, som no vert pensjonist.

## Skatte-pengane til ferien?

Ja, då må du levere sjølvmeldinga di elektronisk, eller nytte deg av leveringsfritak (berre dersom du ikkje har endringar).

26. juni kjem første oppgjerspulje. Den omfattar lønstakarar og pensjonistar som har levert sjølvmeldinga si elektronisk, i tillegg til skattytarar som har nytta seg av leveringsfritak.

Deretter vert det løpande skatteoppgjer mellom 7. august og 16. oktober. Desse oppgjera inkluderer personleg næringsdrivande og skattytarar som har levert sjølvmeldinga på papir.

## Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 21. juni. Frist for innlevering til dette nummeret er 14. juni.

## Frosttapping

Vi registrerer at det er ein god del frosttapping. Vi vil på det sterkaste oppfordre til at dette opphøyrer, då det kan gå utover leveransen av vatn til det daglige forbruket, samt brannvatn.

Det er for tida svært stort forbruk av vatn, 500 000 liter i døgnet utover vanleg forbruk.

## Parkering på kommunale vegar

Teknisk avdeling har motteke ein del klager på at enkelte tek seg til rette og parkerer bilar på snuplassar, langs/på kommunale vegar. Dette er eit stort problem for renovasjonsbilane og brøytemannskapa. Det kan òg føre til trafikkfarlege situasjonar.

Bilar som er parkerte på kommunale vegar kan verte taua vekk utan nærare varsel.

## Vil du sjå dine krav og betalningar?

Skatteetaten tilbyr no ei teneste i Altinn som gjer det mogleg å sjå på eigne krav og betalningar mellom deg som skattytar og den lokale skatteoppkrevjaren.

Tenesta gir deg ei oversikt over følgjande:

- alle inn- og utbetalningar mellom deg og skatteoppkrevjaren
- alle krav som er under fire år gamle, samt eldre krav dersom dei framleis ikkje er betalt
- betalingsdetaljar for krav og inn- og utbetalningar

## Renovasjon

### Renovasjon i påska og i mai

Det vert endringar i renovasjonsrutene i samband med påske, pinse og andre høgtidsdagar i mai.

Sjå kalender for henting av avfall på arim.no eller skodje.kommune.no.

### Korleis får eg større papirdunk?

Fyll ut skjema og bestill på nettsida til ÅRIM, arim.no. Du får større papirdunk utan tillegg i pris.

### Kva gjer eg dersom ÅRIM har gløymt å hente avfallet mitt?

Dersom avfallet vert sett fram på rett dag før kl. 06.00, tek du kontakt med ÅRIM for å melde frå om avvik.

Du kan ringe 70 16 41 80, eller bruke kontaktskjema på arim.no (Velg «Hjelp og service», «Manglande dunktømming»)



## Dette skjer

### Kyrkjekonsert

Søndag 21. april kl. 18.00 i Skodje kyrkje

Skodje blandakor får besøk av songtalentet Stine Hole Ulla frå Sykkylven, som vann «Norske talenter» i 2012.

Konserten byr på variert kyrkje-musikk for kor, solist og orgel.

Arr.: Skodje blandakor

### Møremusikarane og

### Skodje blandakor

Konsert søndag 5. mai kl. 19.00 i kultur-salen i Gomerhuset

Siri Bergsmark spelar klarinett, og Asgeir Hoffart skal spele på det nye, flotte flygelet i Gomerhuset. Dei framfører verk av Brahms, Poulenc, Skrjabin og Kvandal.

Skodje blandakor deltek i konserten med ei eiga avdeling.

«Kommunenytt» vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundregionens utviklingskontor.  
Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørndal.



# SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no